



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato  
18.02.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/2258-0  
Dykkar referanse

Sekretariat  
Rovviltnemnda region 1

## Behov for rovviltmidlar i Hordaland i 2014

Basert på erstatningsnivået dei to føregåande åra og mottatte søknadar om FKT-midlar har Fylkesmannen i Hordaland vurdert behovet for rovviltmidlar i 2014. Vi forventar at tapa blir på nivå med 2013 og ber difor om å få tildelt kr 150 000 til erstatningsutbetalingar. Vi har mottatt søknadar om til saman kr 247 250 til førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Vi vil prioritere FKT-søknadar med tiltak som har direkte tapsreducerande effekt. Posten på 25 500 til FKT-tiltak, tenestekjøp og drift kan stå uendra frå i fjor.

### Erstatning

I 2013 fekk Fylkesmannen i Hordaland inn ti søknadar om erstatning for husdyr drepne av rovvilt, alle med kongeørn som påstått skadegjerar. I tillegg fekk Fylkesmannen i Rogaland to søknadar om erstatning for tap til jerv frå søkjarar busett i Rogaland, men med beiteområde i Hordaland. Vi hadde dokumenterte kongeørnskadar i Bømlo, Fitjar og Kvam, medan jerv gjorde skade i eit beiteområde ved Halne i Eidfjord. Fire søkjarar fekk erstatning, to for tap til kongeørn og to for jerveskadar. Ein søknad om tap av villsau til kongeørn i Fitjarøyane står framleis ubehandla.

Tabellen under syner utbetalt erstatning til søkjarar med beiteområde i Hordaland i fjor. Merk at sakene frå Eidfjord blei handsama av Fylkesmannen i Rogaland sidan søkjarane er busette der. Rogaland betalte òg ut erstatning til desse. Av kr 100 000 som Fylkesmannen i Hordaland fekk tildelt i fjor betalte vi ut kr 24 589. Det resterande vart tilbakeført til Miljødirektoratet, med avtale om at vi skulle melde inn behovet når den siste saka var ferdig handsama. Med denne siste saka vil den totale erstatningssummen for 2013 truleg klart overstige dei 100 000 vi fekk tildelt, utan å rekne med det Rogaland betalte ut.

Tabell 1: Utmålt erstatning i 2013 til søkjarar med beiteområde i Hordaland.

Kommune	Rovdyrart	Sau	Lam	Sum
Bømlo	Kongeørn	0	5	kr 10 989
Kvam	Kongeørn	0	7	kr 13 600
Eidfjord	Jerv	0	7	kr 12 914
Eidfjord	Jerv	0	3	kr 4 629
Fitjar	Kongeørn	Ikkje handsma	Ikkje handsma	Ikkje handsama*
Total				kr 42 132

\* Søkjar i Fitjarøyane får utmålt erstatning når NILF har gjort ei individuell berekning.

Tap av villsau frå kystlyngheia i Fitjarøyane har vore eit tilbakevendande problem i over ti år. Sidan 2008 har søkjaren mottatt FKT-midlar til ulike førebyggjande tiltak, mellom anna flytting av dyr til mindre rovviltutsette område og heimebeite gjennom vinterhalvåret. Dette har fungert bra så lenge tapa stort sett har skjedd i vinterhalvåret. Dei siste to åra har tapsomfanget auka, og 2013 vart spesielt ille der det blei søkt om å få erstatta totalt 109 dyr. I denne saka har vi bedt Norsk institutt for landbruksforskning om å utføre individuell berekning av erstatninga og den er difor ikkje ferdig handsama. I 2012 fekk søkjar utbetalt om lag kr 92 000 i erstatning, og tapet var endå større i 2013. Sjå vedlegg 1 for møtereferat frå møte om situasjonen med dyreeigar, Mattilsynet, Statens naturoppsyn, Fitjar landbrukskontor og Fylkesmannen i Hordaland.

Vi forventar at tapsomfanget i år blir om lag som dei to siste åra, og ber difor om at vi blir tildelt kr 150 000 til rovvilterstatning i 2014.

### **Førebyggjande og konfliktdempande tiltak**

I 2013 fekk Fylkesmannen i Hordaland tildelt kr 40 000 til førebyggjande tiltak. Av desse gjekk kr 30 000 til tiltak mot tap til kongeørn i Fitjarøyane, medan vi heldt igjen kr 10 000 til eventuelle akutte situasjonar. Vi fekk berre inn den eine søknaden.

I 2014 har Fylkesmannen i Hordaland mottatt 4 søknadar om midlar til førebyggjande tiltak mot tap til rovvilt. Tre av søkarane fekk erstatning for tap til rovvilt 2013. Sjå Tabell 2 for oversikt over søknadane.

**Tabell 2: Søknadar om FKT-midlar 2014**

<b>Beiteområde</b>	<b>Føremål</b>	<b>Rovdyrart</b>	<b>Erstatning i 2013</b>	<b>FKT i 2013</b>	<b>Søknadssum</b>
Fitjarøyane, Fitjar	Heimebeite, flytting av dyr mm.	Kongeørn	Ikkje avklart	30 000	kr 66 000
Halne, Eidfjord	Radiobjøller	Jerv	kr 4 629	-	kr 46 000
Halne, Eidfjord	Radiobjøller	Jerv	kr 12 914	-	kr 126 000
Bolstad, Voss	Radiobjøller	Kongeørn	-	-	kr 9 250

Vi har god erfaring frå tidlegare år med bruk av FKT-midlar i Fitjarøyane, men i 2012 og 2013 endra tapsbiletet seg frå tap størst tap om vinteren til jamne tap gjennom heile året. Erstatningsutmålinga i 2012 var høg og erstatninga for tap i 2013 ligg an til å bli på same storleik. Per i dag fins det inga enkel løysing på problemet i denne saka. Som det kjem fram frå vedlegget er situasjonen og tapsbiletet komplekst, med mange involverte partar og instansar. Vi ønskjer å auke løyvinga av FKT-midlar til Fitjarøyane beitelag slik at ein større del av dei mest utsette dyra blir flytta frå Fitjarøyane til innmarksbeite i Austevoll.

Når det gjeld dei tre søknadane om radiobjøller er ikkje dette eit prioritert område for bruk av FKT-midlar, bortsett frå når det er for å avdekke tapsårsaker. I to av tilfella frå i fjor var jerv kjent skadegjerar og i den siste saka var det ikkje gjort noko forsøk på å få dokumentert tapsårsaka. Føremålet med radiobjøller i desse tilfella er å bli varsla om unormale rørsler i besetninga og raskt ta grep dersom det skuldast rovdyr.

### Behov for midlar til erstatning og rovdyrtiltak i Hordaland i 2014

Tabell 3 viser det totale behovet for midlar i Hordaland i 2014 dersom alle søkjarar får aksept for sine søknader. I og med at radiobjøller i utgangspunktet berre skal nyttast til å avdekke tapsårsaker vil vi prioritere FKT-søknadar som går på tiltak med direkte tapsreducerande effekt, altså heimebeite, flytting av dyr og liknande.

Tabell 3: Erstatnings- og FKT-midlar i Hordaland i 2014

Formål	Prioritering	Sum
Erstatning	-	kr 150 000
FKT radiobjøller	låg	kr 181 250
FKT heimebeite, flytting av dyr mm.	høg	Kr 66 000
FKT tiltak, tenestekjøp og drift	-	kr 25 500
<b>Total</b>	-	<b>kr 422 750</b>

Erstatningsramma har vi satt til 150 000 fordi vi forventar at tapa i 2014 kjem til å overstige dei 100 000 som vi har fått tildelt dei siste åra.

Når det gjeld midlar til FKT-tiltak, tenestekjøp og drift ber vi om same sum som i 2013.

Med helsing

Olav Overvoll e.f.  
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*